

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 16.10.2020
SAKSHANDSAMAR: Øystein Helleseeth
SAKA GJELD: **Budsjett 2021 - løypemelding**

ARKIVSAK: 2020/8905

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
26.10.2020

STYRESAK:
064/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek status budsjett 2021 til vitende.

Oppsummering

Helse Førde er midt i budsjettprosessen og framdrifta er i tråd med planen. Administrerande direktør ønskjer med denne saka å gje styret oppdatert informasjon om budsjettarbeidet for 2021.

Fakta

Per september har Helse Førde eit overskot på 33 millionar kroner, som er 8,5 millionar betre enn budsjett. Økonomiske konsekvensar av covid-19 er estimert til 70,4 millionar. I tillegg er det indirekte kostnader knytt til pandemien som gjer at dei økonomiske konsekvensane er noko høgare. Per september har HFD inntektsført 67,8 millionar av ekstraløyving på 98,2 millionar. Samla indikerer dette at underliggande drift er omlag på budsjett, noko som er eit godt utgangspunkt i forhold til budsjettet for 2021.

Ramma for 2021 er stram. Førebels ramme frå Helse Vest medfører ein reduksjon i basisramma på 6,1 millionar. Dette er basert på inntektsmodellen som ligg til grunn i Helse Vest, og der mellom anna utviklinga i folketalet er ein viktig parameter. I tillegg medfører realendringar, avbyråkratiseringsreforma og innsparingskrav i økonomisk langtidsplan ytterlegare innsparingar i 2021. Det siste er for å sikre tilstrekkeleg bereevne for framtidige investeringar. Samla medfører dette eit innsparingskrav frå 2020 til 2021 på 23,6 millionar for Helse Førde. Dette er den førebels ramma som administrerande direktør har lagt til grunn og fordelt til klinikkane ut frå kostnadsbasen i 2020.

Regjeringa kom 7. oktober med framlegg til statsbudsjett for 2021. Nokre hovudpunkt:

- Statsbudsjettet legg opp til auka pasientbehandling på 2,3 prosent, kor 0,8 prosent er ekstraordinær aktivitetsvekst for å redusere ventetidene som følgje av covid-19. I førebels inntektsfordeling frå Helse Vest RHF var aktivitetsveksten på 0,6 prosent for Helse Vest. Av dette har Helse Førde 0,1 prosent.
- Avbyråkratiseringsreforma vert vidareført med 0,5 prosent, som utgjer 144,6 millionar for Helse Vest. Investeringsbehovet i bygg, utstyr og IKT er framleis stort i spesialisthelsetenesta. Det er difor framlegg om å auke basisløyvinga, noko som utgjer 108,6 millionar for Helse Vest.
- Helse Vest er tildelt 610 millionar i auka ramme til ekstrakostnader og smittevernustyr i samband med covid-19.
- Revidert inntektsfordelingsmodell (Magnussenutvalet) skal innførast over to år. Dette har ein positiv omfordelingseffekt for Helse Vest på 157 millionar i 2021, og ytterligare 134 millionar i 2022. Helse Vest RHF planlegg å revidere regional inntektsmodell tidleg i 2021 og implementere den i løpet av 2021.

Korleis dette påverkar endeleg ramme for Helse Førde i 2021 er ikkje avklara. Endelig budsjettamme for føretaka vert vedteke av styret i Helse Vest RHF i desember. Men i statsbudsjettet er det gitt rom for høgare aktivitetsvekst enn kva som vart lagt til grunn i førebels ramme for føretaka i Helse Vest.

Prosessen

Oversikta under viser dei viktigaste aktivitetane i budsjettprosessen med milepålar. Helse Førde er i rute med planen. Etter at rammene for klinikkane er sett av administrerande direktør, vert desse fordelte på dei ulike avdelingane av klinikkane. I denne fasen vert tillitsvalde og verneombod involverte. Deretter arbeider kvar avdeling med budsjettet innanfor ramme og finne tiltak. I denne fasen er også tillitsvalde og verneombod på avdelingane involverte. Klinikane har levert utkast til budsjett innan fristen 16. oktober. Veggen vidare er no å gjennomføre risikoanalyse av budsjettet på klinikknivå, og dette skal drøftast med dei tillitsvalde.

Milepæler	Aktivitet	Kommentar
Medio august	14 august <ul style="list-style-type: none"> Realendringar Andre vesentlege forhold 	Svar frå klinikkane på eventuelle endringar
Slutten av august	Møter mellom AD/økonomi og klinikkane	Gjennomgang av realendringar som meldt.
August	<ul style="list-style-type: none"> 14.08 Frist for endring drifts- og investeringsbudsjett som følge av større prosjekt. 21.08 Førebels rammer fastsatt av AD 	Informere nivå 2, FAMU og TV.
September	Utarbeiding av budsjett i klinikkane	<ul style="list-style-type: none"> Bemanning sengeposter Aktivitetsbudsjett
Medio oktober	Frist 16 oktober <ul style="list-style-type: none"> Utkast budsjett inkl. bemanning og aktivitetsbudsjett. Utkast investerings-budsjett og bæreevne 	Informere nivå 2, FAMU og TV, samt investeringsutvalet
November	14. November <ul style="list-style-type: none"> Ferdig drøfta budsjett 	Formidlast ut i organisasjonen
Medio november	Inntektsramme 2021 med resultatkrav blir sendt ut til HF-a (Stortinget vedtar statsbudsjett i løpet av desember)	Blir behandla av styret i Helse Vest i møte den 9/12-2019
Slutten av november	27. November <ul style="list-style-type: none"> Eventuelle endringar som følge av forslag til Statsbudsjettet 	<ul style="list-style-type: none"> Dersom endringa må dette innarbeidast i budsjettet (AD og nivå 2). Drøftast med FAMU og TV
Desember	18. Desember <ul style="list-style-type: none"> Budsjett blir behandla av styret i HFD i desember 	